

Dato: 02.11.2015

Kl: 19.00 – 21.30

Stad: Møterom Seimsdalen Årdal Rådhus

Innkalling har gått til: <ul style="list-style-type: none"> • Per Bjørkum og Ole Bjarne Hovland frå Vikadalen, • Jacob Lemvik og Endre Offerdal, frå Offerdalen, • Jasmin Eminovic frå Eldegarden storvald • Jostein Holsæter frå Fardalen. • Vidar Hjelle Frå Utladalen. • Jostein Granby og Vidare Moen frå Seimsdalen/Hæreid/ Nundalen • Knut Fredrik Øi 	Desse møtte: <ul style="list-style-type: none"> • Per Bjørkum og Ole Bjarne Hovland Endre Offerdal • Jostein Holsæter • Vidar Hjelle • Vidare Moen • Jasmin Eminovic Desse hadde meldt frå at dei ikkje kom; <ul style="list-style-type: none"> • Jacob Lemvik • Jostein Granby • Endre Offerdal • Knut Fredrik Øi
AGENDA	
1. Førre møte	Vidar Moen
<p>Kort gjennomgang av møtereferat frå førre møte. Dette omhandla i hovudsak målsetting og metode for å nå dei.</p> <p>Link til møtereferatet finn ein på Årdal kommune sine heimesider her</p>	
2. Dagens møte	Vidar Moen
<p>Det vart lagt fram forslag om å legge dagens status med historikk frå dei ulike driftsplanområda inn i plan slik at alle ser status før plangjennomføring. På den måten vil ein lettare kunne sjå effekt av tiltak i plan. I plan vert det lagt opp til at vi kan diffrensiere på tiltak alt etter kva utfordringar ein har i dei ulike områda. Diskusjon gjekk på kva effekt dette vil ha for tilstøytande områder om ein har spesielle tiltak i eit område. Vikadalen som har problem med stort beitetrykk på innmarksbeite ynskjer ein reduksjon i tal hjort i sitt område. Sidan hjorten trekker må ein sjå til at tiltaka i Vikadalen ikkje får negativ konsekvens for valda innanfor som ynskjer å stabilisere eller også kan tåle ein auke.</p> <p>Både målsetting og tiltak i plan må vere gjennomførbare. Det vert lagt opp til at uttak av dyr i mest muleg grad skal rettast mot dei minste og lettaste dyra i kvar kjønn- og aldersklasse for å bygge opp ein hjorteviltbestand av store og sunne dyr i god kondisjon.</p> <p>Det var semje om at det kan diffrensierast på minsteareal men at vi kan bruke 50% regelen. Det vil sei at ein kan runde opp i staden for ned på tildelingen. Utvalet foreslår 1200 da i Utladalen og Fardalen, 800 da i Vikadalen og 1000 da i resten av planområdet.</p> <p>Sjølv om alle områder opplever ein auka tettheit av hjort har Utladalen pt ikkje høg nok tettheit av dyr til at ein klarar 100% felling og forsatt skal ha att stamdyr i området. Det same gjeld Fardalen.</p> <p>Med ein reduksjon i minstearealet vil ein få ein auka tildeling på ca 56 hjort. Om ein har lik fellingsprosent som i 2014 vil ein auka avskytingen med 40 dyr.</p> <p>Diskusjon går på om dette vil vere med på å stabilisere bestanden i planområdet totalt og om auka tildeling i Vikadalen vil redusere plagene med beite på innmark.</p>	

Det vert og lagt opp til at ein skal samarbeide for å nå målsetingen for planområdet. Dette kan gjerast på ulike måtar om ein gir mulighet til å samarbeide/ bytte/ flytte dyr over valdgrensar. Områder med utfordringar som beiteskade må samarbeide for å løyse problemet. Det må gjerast eit felles arbeid for å redusere skaden. Det må leggast ein plan på korleis klare 100% felling framfor å tildele fleire løyver.

Historisk så har Årdal hatt låg fellingsprosent, dei siste åra har ein klart å ligge på rundt 70 %. Det er og målsettingen i planperioden for planområdet totalt. Det vil vere slik at nokon har 100% medan nokon har langt mindre.

Eldegarden, Seimsdalen/Hæreid/Nundalen og Offerdalen har en auke i tettheit men har ingen plager med hjort.

Offerdalen meiner det er fornuftig med stabilisering medan dei andre områda meiner det er rom for sin svak auke. Det er ikkje rapportert plager med hjort

Vikadalen opplever plager med hjorten og at tetthiten har auka siste åra.

Fardalen og Utladalen opplever og auka tettheit og har ingen registrert plager utanom beiteskade på alm i Avdalen. Desse skadane er nødvendigvis ikkje reletart til for høg tettheit. Begge desse områdene ynskjer ein auke i tettheit.

Sidan begge nabokommunene har langt lågare minsteareal går diskusjon på kvar grensa skal gå i Årdal.

Alle desse faktorane påvirkar tettheit i bestandsplanområdet og er omsyn ein må ta under oppfølgingen og vidareføring av plan i neste planperiode

3. Bestandsplan

Med bakgrunn i ulike behov må plan vere slik at det kan vere ulik avskytingsmodell i dei ulike områder. Med områder så meinast tidligare driftsplanområder.

Målsettinga i plan vart gjennomgått, hovud- og delmål vart utforma slik:

Hovudmål:

Hovudmålet for denne planperioden er å stabilisere hjortestamma på dagens nivå. Dette skal gjerast innafor berekraftige rammer for landbruket, skogbruket og andre samfunnsinteresser. Ein legg vidare til grunn ei målsetting om ein forutsigbar bestandsutvikling til gode for jaktberettiga, næringsverksemd og andre samfunnsinteresser.

Målsettinga er ein hjortebestand med stor produksjonsevne ut i fra beitegrunlaget der gjennomsnittsalderen i bestanden er relativt høg.

Delmål:

- Halde på eit godt kjønnsforhold i bestanden. Tilhøva kolle /bukk skal ligge innanfor området 1,1 på sett hjort observasjonar. ***Her vart det diskusjonar som må takast opp igjen.***

- Legge tilrette for eit uttak lokalt i valda som tek omsyn til lokale ynskje og behov.
- Arbeide for utnytting av alt areal innanfor kommunen til hjortevald
- Legge til rette for betre avgjerslegrunnlag i hjorteforvaltninga. Innlevering av sett hjort skjema skal vere 100%
- Sett hjort pr jegertime >0,3
- Sett kalv pr kolle > 0,6

- Merking av dyr for å auka kunnskap om vandring.
 - Samarbeide med andre for avdekke vandring innanfor ein kommunen
- Fellingsprosent >70% Spørsmål om vi skal ha mål om felling av antall dyr Tildelt 202, mål på felling 142 dyr.
- Samarbeid over valdgrensar
- **Uttak av dei minste dyra i kvar kjønn- og aldersklasse og skjerming av dei store.**
- Auke alderen på dyra i bestanden.
 - Uttak av dyr skal i mest muleg grad rettast mot dei minste og lettaste dyra i kvar kjønn- og aldersklasse for å bygge opp ein hjorteviltbestand av store og sunne dyr i god kondisjon.
 - Førmålet med dette er å legge avskytingen på dei letteste og svakeste individa for med det å bygge opp ein hjorteviltbestand av store og sunne dyr i god kondisjon.
 - Aldersundersøking med kjeveinnsamling ein gong i planperioden
 - Det vert lagt opp til en avskyting inndelt i fylgjande 6 kjønn- og aldersgrupper:
 - liten kalv
 - kalv
 - ungekolle
 - ungbukk
 - eldre kolle
 - eldre bukkKalv under en kilosgrense på 22 kg kan klassifiseres som liten kalv og ikkje belaste valdets fellingskvote.
Bukkar med spesielt små gevir kan klassifiserast ned, samtidig som ungbukkar med spesielt stort gevir kan klassifiserast opp.

Delmål er bassert på data henta ut frå Sett hjort registreringa i Årdal for 2009, 2013 og 2014.

Ein må avklare delmåla om det er omforeint med å stabilisere bestanden.

Dette må så regulerast under kapittel 7 som omhandlar plandelen. Her må avskytingsmodellen fastsettast, samtidig kva ein gjer i planperioden dersom det skal vere ulik modell i dei ulike områda.

Ein diskuterte om det skulle leggst inn ein målsetting på antall dyr skutt pr år.

Neste møte må avklare kva som skal vere med i plan. Spesielt korleis ein skal oppnå uttak av mindre dyr og skrapdyr. Kor detaljert skal ein vere?

Handlingsdelen

Fordelinga av kvoten på kjønn og alder skal vere som følgjer:

- Minimum 60 % ungdyr og kalv (25-30% kalv)
- Maksimum 40 % eldre dyr
- 50 % hanndyr og 50 % hodyr

Her er det diskusjon kring modellen og at ein skal vere ulik i dei ulike områda.

Vikadalen bør ha ein modell der ein i større grad tek ut kapitalen (produksjonsdyr) i tillegg til auka uttak. Diskusjoan går på at dei har 60% eldre dyr og 40 % ungdyr og at ein tek ut større andel hodyr en hanndyr.

Fardalen har stor andel av hanndyr og kan dreie uttaket mot desse i større grad. Samla sett for bestandsplanområdet vil ein likevel kunne ha ein 50/50 han og hodyr i uttaket.

Utladalen Ynskjer ein auke i tettheit i sitt område og kan såleis følgje modellen 60% ungdyr/ 40% eldre.

Offerdalen ynskjer ein stabilisering av tettheit og kan såleis følgje modellen 60% ungdyr/ 40% eller justere denne litt med høgare uttak av eldre dyr.

Seimsd/Nund/Hæreid ynskjer ein svak auke i tettheit og kan såleis følgje modellen 60% ungdyr/ 40%

Eldegarden ynskjer stabilisering eller svak auke og kan såleis følgje modellen 60% ungdyr/ 40% Spørsmålet er kva desse ulike avskytningsmodellane vil påvirke totalen i bestandsplanområdet.

Dette kan avvike år for år, det er sluttsummen som skal gjelda. Avskytningsmodellen er utgangspunktet for heile planområdet men kan avvike der ein ynskjer spesielle tiltak basert på status i det enkelte område.

Avskytningsmodellen er ein plan for avskyting på kjønn og alder. Viktig at fellingsresultatet etter endt planperiode avspeglar avskytningsmodellen, sjølv om ein ikkje oppnår full fellingsprosent Plan gjeld for 3 år og vi vil truleg ikkje kunne gjere uopprettelege skader med desse tiltaka.

Fordeling av kvoten vert satt opp i plan for heile planperiodne.

Da er det kunn igjen eit møte før føreslegen plan og vedtekter skal ut på høyring.

Knut Fredrik avklarar møterom, legg ut referat på heimesida til kommunen

4. Møteplan

- Mandag 7 des kl 19 Møterom Seimsdalen, Årdal rådhus
 - Mål å ferdigstille plan
 - Forslag til plan sendes ut på høyring før jul, frist for tilbakemelding ?
- Mandag 11 januar kl 19. Oppsummering
- Mandag 15 februar kl 19 Årsmøte. Godkjenning av bestandsplan + årsmøtesaker.

Referent

Vidar Moen